



Uttale frå årsmøtet 10. mars 2022 Naturvernforbundet i Kvam:

Til:

Kommunane i Hardanger, Voss herad, Hardangerrådet, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland

Me treng ei felles forvalting av Hardangerfjorden

Hardangerfjorden er ein av dei mest unike terskelfjordane i verda. Me har eit spesielt ansvar for å ta vare på fjorden og fjordmiljøet slik at han ikkje vert forringa. Mykje av livet i fjorden er lite kartlagt og kjent.

Naturvernforbundet i Kvam støttar Hardangerrådet sitt vedtak 17.12. 2021 om at det vert laga ein prosjektplan for «felles arealforvalting av Hardangerfjorden

Fjorden er ein almenning for alle i Hardanger. I ein overordna plan må ulike næringar ta omsyn til naturmiljøet og det biologisk mangfaldet. Den siste rapporten frå FN sitt klimapanel understrekar at natur- og klimakrisa må løysast samla og at vern av natur er viktig for å lagra karbon, redusera oppvarming og halda økosystema funksjonelle

Det har skjedd store endringar i bruken av fjorden vår dei siste tiåra. Oppdrettsanlegg tett i tett i Kvam og Jondal har gjort fjorden trongare. Næringa pressar på og vil lengre inn i fjorden. Situasjonen viser at at ein overordna plan må til for ta omsyn til livet i fjorden, naturinteresser og andre næringar.

Dagens oppdrettsindustri har store utfordringar. Framleis er det kolossale utslepp av næringstoff som burde omdannast til verdifull energi. Lakselus som kanskje er villfisken sin største fiende, er ute av kontroll og den genetiske innblandinga i elvane held fram.

Me manglar kunnskap om langtidsverknaden av oppdrett i fjorden.

Ei meir regional fjordforvaltning er eit positivt steg for alle kommunane i Hardanger og får støtte av Naturvernforbundet.